



Vest-Telemarkrådet

Kviteseidgt 18

3850 Kviteseid

Dykkar ref

Anne Asmundtveit

Vår ref

Gunnar Haugo

Rauland 18.2.2022

KLIMAPLAN FOR VEST-TELEMARK

Høyringsuttale frå Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag

I utkastet til klimaplanen er det grundig og tydeleg gjort greie for korleis Vest-Telemark best kan medverke til å redusere klimaendringane:

«Vest-Telemark har 44% av arealet i Vestfold og Telemark fylke, men berre 3,3% av befolkninga. Det seier seg sjølv at løysingane våre må sjå annleis ut enn løysingane i meir tettbygde stork.

...Med utgangspunkt i ressursane våre er det naturleg at klimaplanen til Vest-Telemark legg vekt på berekraftig arealforvaltning, å ta vare på naturen, og verdiskaping på lokale ressursar i lokale krinslaup. Så som utviklinga av eit berekraftig landbruk.»

Planen viser til at bevaring og forbetring av naturlege karbonfangarar og karbonlager er ein av dei sikraste måtane å motarbeide dei mest ekstreme klimaendringane på (FNs klimapanel). Beite og særleg utmarksbeite står heilt sentralt: *«Husdyrhald basert på drøvtyggarar er særleg effektivt for å nytte ressursar som elles ikkje kan brukast til menneskemat. Godt drive beite i utmark kan vere av fundamental tyding for berekraftig matproduksjon og framtidig matsikkerheit i Noreg (Hillestad 2019).»*

I Vest- Telemark er det i eit klimaperspektiv avgjerande å styrke eit spreidd husdyrhald som kan nytte beiteressursane i heile regionen: *«Dette kan bli ein av regionens viktigaste oppgåver i møte med klimaendringane. Jordbruket, bøndene og beitedyra våre spelar ei*

avgjerande rolle i det grønne skiftet.....Dersom utviklinga held fram som i dag, er det ein reell risiko for at det meste av husdyrproduksjonen i Vest-Telemark er lagt ned om 10-20 år.»

Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag sluttar seg til den sterke vektlegginga i klimaplanen av husdyrhald og beitebruk. Vi meiner at denne vektlegginga då må stå tydeleg fram i planen i form av eit overordna tiltak. I utkastet er nå satsing på beitebruk oppført som eit heller usynleg underpunkt i eit felleskommunalt rettleiingsprosjekt. I tillegg til rettleiing bør satsing som medfører beitebruk òg ha prioritet ved tildeling av offentlege tilskott. Kvar kommune bør dessutan utarbeide beitebruksplanar.

Ei hovudsatsing på auka beitebruk vil gje føringar for tiltak som på fleire ulike stader allereie er oppført i klimaplanen. Til dels vil det eine kunne fylgje av det andre:

- Husdyr i alle grender
- Drift på både små og store bruk
- Satsing på eigna beitedyr
- Tilskott til beitetilsyn
- God utnytting av husdyrgjødsel
- God agronomi
- Kort transport av fôr og gjødsel
- Maskinsamarbeid
- Auka avlingar av godt grovfôr
- Stimulering til mangesysleri; m.a. hage- og åkerbruk
- Lokal sjølvberging
- Lokal foredling
- Lokal omsetning
- Eit mangfaldig fagmiljø

Det oppførte tiltakspunktet i jordbruksdelen om å organisere jordleigeforhold som gjev minst mogleg transport, er svært bra. I tida det tek fram til at det på nytt er aktivt husdyrhald over heile regionen, må det likevel takast høgde for at lang transport er naudsynt for å kunne drive alle jordbruksareala.

I arealdelen av klimaplanen er utbygging av hytteområde omtala. I tiltaksdelen bør ein ta inn eit punkt om å nytte klimakalkulator for hyttebygging jfr.

<https://gronveksthallingdal.no/avtrykkskalkulator/>.

For å utnytte utmarka m.a. til beitebruk vil mange bruk ha behov for ei hytte. Ved å rullere Heiplanen frå 2011 bør det opnast for at aktive husdyrbruk kan oppføre hytter i dei delane av villreinområdet som i svært liten grad vert nytta av reinsdyr.

Som eit viktig framtidsretta tiltak bør kommunane påverke Telemark fylkeskommune til å opprette ei klima- og berekraftline på Nome vidaregåande skule, avdeling Søve.

Regionen bør aktivt søke kopling mot kompetansmiljø som evt. nytt Nasjonalt ressurscenter for Fjellandbruket i Øystre Slidre og fjellandbrukssatsinga til NIBIO.

Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag meiner at utkastet til Klimaplan for Vest-Telemark tydeleg lyfter fram områda der regionen må iverksette klimatiltak. Det er viktig at planen blir

nytt aktivt og blir gjort kjent for innbyggjarane. Tiltak for å gjere planen levande bør konkret inn i planen som eit forpliktande punkt.

Med venleg helsing

Gunnar Haugo (s)
leiar

Per-Helge Seltveit
styremedlem
